



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05
Håvard Rød, 55 57 21 43

Skjønsmidler til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane 2023

Statsforvaltaren vil fordele skjønsmidler til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane for 2023.

Vi fordelte prosjektskjønn i 2021 med om lag kr 14,0 mill. og i 2022 med om lag kr 13,7 mill. Det kan for 2023 bli aktuelt å gi noko meir enn tidlegare av skjønsmidlane til fornyings- og innovasjonsprosjekt. Det har samanheng med at det for 2023 kan bli søkt om prosjektskjønn til det bustad-sosiale arbeidet i kommunane. Vi viser til eige avsnitt i dette brevet under aktuelle søknadsføremål.

Vi vil for skjønsmidlane for 2023 be den einskilde kommune setje opp ei prioritering mellom sine eigne søknader. Vi ynskjer såleis at denne informasjonen skal vere med i vår handsaming av søknadene.

Vi inviterer med dette kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt for 2023.

Det er ei utlysing av midlane for 2023. Søknadsfristen for kommunane er sett til tysdag 1. november d.å.

Retningslinjer

I retningslinjene frå Kommunal- og distriktsdepartementet går det fram at prosjektskjønsmidlane skal bidra til fornying og utvikling i kommunane. Føremålet er å gi kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar i dei ulike tenesteområda for å gjere tenestene betre for innbyggjarane, få meir lokal fridom, og få fram tiltak som kan gi grunnlag for effektivisering og innsparing.

Departementet har i retningslinjene presisert at det berre er kommunane sjølve som kan søkje om midlar og stå som ansvarlege for prosjekt. Kommunane kan likevel samarbeide med andre aktørar. Det må vere kommunane sjølve som skal vere den sentrale parten både som initiativtakar og del-takar i dei prosjekta som får tildelt skjønsmidler.



Kommunane må syne til ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan og gjere greie for utfordringane sine. Det må bli vist til klare målsetjingar for prosjektet, og dessutan gjort greie for aktuelle verkemiddel eller løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

Det blir ikkje gitt tilskot til utføring av ordinære driftsoppgåver. Interkommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen. Statsforvaltaren gir ikkje tilskot til næringsutviklingsprosjekt, då dette vil kunne overlappa med fylkeskommunen sine verkemiddel og ansvar.

God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å syne det som blir oppnådd av nasjonale mål og føringar. Informasjon blir også lagt ut på Statsforvaltaren sine heimesider.

Aktuelle føremål i 2023

Statsforvaltaren ønskjer å stimulere kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet, bruke ny teknologi og få betre økonomi i drifta.

Vi vil understreke at vi prioriterer å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjekt-midlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

Vi vil vidareføre dei same søknadsføremåla for 2023 som i 2022, med tillegg av bustadsosialt arbeid som nytt føremål.

Frå 1. september 2021 vart kommuneretta oppgåver frå to av Husbanken sine regionkontor overførde til statsforvaltarane i Nordland, Vestland og Rogaland. Målsetjinga er å skape eit sterkt fagmiljø der bustad blir sett i samanheng med fagområde som helse, sosial, rus, barnevern, plan og kommuneøkonomi. Forsøket er for ein periode på tre år og skal gi ei sterkare kopling mellom bustadsosialt arbeid og andre kommuneretta oppgåver hos Statsforvaltaren, og dessutan styrke kommunedialogen.

Vi ønskjer at kommunane for 2023 særleg vurderer følgjande søknadsføremål:

- Kommunale tenester til helse og omsorg
- Bustadsosialt arbeid
- Kommunale tenester til barnehage og skule
- Kommunal tenesteutvikling for utsette barn og unge
- Digital forvaltning, der samarbeidsprosjekt mellom mange kommunar blir prioriterte
- Interkommunalt planarbeid
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Klima- og miljøutfordringar knytte til klimaomstilling, tap av naturmangfald, eit giftfritt miljø eller endringar i havmiljøet

Kommunal forankring og ansvar

Det blir lagt vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjekta bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Det vil ikkje vere mogleg å få støtte til kjøp av utstyr. Vi vil også understreke at prosjekta skal ha eit reelt fornyingspotensiale.

I retningslinene for skjønstilskot frå departementet var det tidlegare lagt til grunn at det må vere ei kommunal eigenfinansiering. Sjølv om det ikkje lenger er eit krav at det skal vere kommunal eigenfinansiering, vil vi prioritere prosjekt der det er minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering.



Prosess for tildeling

Kommunane kan søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt direkte til Statsforvaltaren. Som tidlegare skal det sendast søknad på eige søknadsskjema som ligg i portalen for prosjektskjøn. Denne finn du her: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Den i kommunen som søker må nytte Id-porten (til dømes bank-id) og må leggje inn personopplysningar, e-postadresse i kommunen, rolle (søklar), og kommune (obligatorisk). Førspurnad om godkjenning som søklar blir send til Statsforvaltaren gjennom portalen. Når godkjenning er gitt, kan søklar gå inn på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> og fylle ut søknad.

Søknadsperioden for 2023 er lagt opp frå 01.09.2022 til og med 01.11.2022.

Regionråda og KS kan innhente informasjon om søknadene frå kommunane og/eller hente informasjonen frå den nemnde portalen. Dersom regionråda og KS ønskjer å uttale seg, ber vi om å få brev med fråsegn innan **måndag 7. november 2022**. Regionråda og KS avgjer sjølve om dei vil kome med framlegg til prioritering mellom søknader i brevet eller berre uttale seg generelt.

Rapportering

Rapportering for prosjektskjøn for 2022 må gjerast i same portalen:

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> Frist for rapportering for 2022 er 1. februar 2023.

For rapportering av prosjektskjøn for 2023 er det sett frist til 1. februar 2024.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Region Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø

e-post: post@regionnordhordland.no

Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik

e-post: post@hardangerraadet.no

Regionrådet Vest, Øygarden kommune, Postboks 184, 5342 Straume

Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

e-post: firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Sogn Regionråd, Gravensteinsgata 17, Pb. 153, 6851 Sogndal



e-post: postmottak@sogndal.kommune.no

Nordfjorderrådet, Pb. 294, 6701 Måløy

e-post: post@vagsøy.kommune.no

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS), Pb. 338, 6801 Førde

e-post: trond.ueland@sunnfjord.kommune.no

HAFS regionråd, v/Per Arne Tveit, 6963 Dale i Sunnfjord

e-post: per.arne.tveit@fjaler.kommune.no

KS-Vestland, Storehagen 3 A, Ullsentralen, 6800 Førde

e-post: Frode.Kyrkjebo@ks.no



Mottakerliste:

Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN



Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES